


Sula kommune

Prosjektering, bygg og drift

 Postboks 280
 6039 LANGEVÅG

 Telefon 70 19 91 00
 post@sula.kommune.no
 www.sula.kommune.no

JNR.:
Søknad om utsløppsløyve for bustad-, fritids- og anna bygg eller mindre tettbusetnad

Skjemaet gjeld ved utsløpp av avlaupsvatn frå område utan offentleg tilknytning som er søknadspliktig etter forurensningsforskriften kapittel 12 – Krav til utsløpp av sanitært avlaupsvann fra bolighus, hytter og lignende eller kapittel 13 – Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra mindre tettbebyggelser.

| | | |
|-----------------------------|---|--|
| Ansvarleg (søklar)*: | Namn: | Telefon (dagtid): |
| | Adresse: | Postnr. og poststed: |
| | E-post | <input type="checkbox"/> Einskildperson <input type="checkbox"/> Selskap/lag/sameige. Oppgi org.nr: |
| | *Dersom ansvarleg søklar ikkje er den same som ansvarleg eigar (ansvarleg eigar tilsvarar tiltakshavar i plan- og byggesakar) skal dette angis. | |

| | | | | | |
|----------------------------|------|------|----------|-------------|----------|
| Eigedom/ byggestad: | Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. | Adresse: |
| | | | | | |

| Søknaden gjeld: | | |
|--|--|---|
| <input type="checkbox"/> Nytt anlegg | <input type="checkbox"/> Bustad | <input type="checkbox"/> Utviding / endring |
| <input type="checkbox"/> Fritidsbustad | <input type="checkbox"/> Rehabilitering | <input type="checkbox"/> Anna busetnad |
| Utsleppet sin storleik (før rensing) i talet på personekvivalentar: _____ pe | | |
| Teknisk løysning: | | |
| <input type="checkbox"/> Ureinsa | <input type="checkbox"/> Tett tank (for alt avlaupsvatn) | <input type="checkbox"/> Biologisk minireinseanlegg |
| <input type="checkbox"/> Slamavskillar | <input type="checkbox"/> Tett tank for svartvatn | <input type="checkbox"/> Biologisk toalett |
| <input type="checkbox"/> Infiltrasjonsanlegg | <input type="checkbox"/> Konstruert våtmark | <input type="checkbox"/> Gråvassfilter |
| <input type="checkbox"/> Sandfilteranlegg | <input type="checkbox"/> Kjemisk minireinseanlegg | <input type="checkbox"/> Kjemisk/biologisk minireinseanlegg |
| <input type="checkbox"/> Anna løysning, spesifiser: | | |
| Vassforsyning til eigedomen: | | |
| Utsleppsstad | | |
| <input type="checkbox"/> Sjø | <input type="checkbox"/> Bekk/elv med heilårsvassføring | <input type="checkbox"/> Stadigna lausmassar |
| <input type="checkbox"/> Innsjø | <input type="checkbox"/> Anna spesifiser: | |

Opplysningar om bistand frå nøytral fagkyndig:

Namn og adresse på nøytral fagkyndig (person, firma, leverandør) som har bistått med val/utforming/dimensjonering og/eller skal bistå med installasjon av reinseanlegg

| | | |
|----------|--------------------------|--------------------------------|
| A | <input type="checkbox"/> | Val av reinseanlegg |
| | <input type="checkbox"/> | Utforming av reinseanlegg |
| | <input type="checkbox"/> | Dimensjonering av reinseanlegg |
| | <input type="checkbox"/> | Dokumentasjon av reinsegrad |
| | <input type="checkbox"/> | Intallasjon av reinsenalegg |
| B | <input type="checkbox"/> | Val av reinseanlegg |
| | <input type="checkbox"/> | Utforming av reinseanlegg |
| | <input type="checkbox"/> | Dimensjonering av reinseanlegg |
| | <input type="checkbox"/> | Dokumentasjon av reinsegrad |
| | <input type="checkbox"/> | Intallasjon av reinsenalegg |
| C | <input type="checkbox"/> | Val av reinseanlegg |
| | <input type="checkbox"/> | Utforming av reinseanlegg |
| | <input type="checkbox"/> | Dimensjonering av reinseanlegg |
| | <input type="checkbox"/> | Dokumentasjon av reinsegrad |
| | <input type="checkbox"/> | Intallasjon av reinsenalegg |

Vedlegg til søknaden:

| | | | | |
|--------------------------|----|--------------------------|----------------|---|
| <input type="checkbox"/> | Ja | <input type="checkbox"/> | Ikkje relevant | Beskrivelse av valgt anlegg, anlegget sin dimensjonerte storleik og dokumentasjon av anleggets reinsegrad jf. § 12-10 |
| <input type="checkbox"/> | Ja | <input type="checkbox"/> | Ikkje relevant | Kopi av signert serviceavtale og driftsinstruks. |
| <input type="checkbox"/> | Ja | <input type="checkbox"/> | Ikkje relevant | Liste over eigedomar som skal tilknyttast avlaupsanlegget med gnr., bnr. og adresse. |
| <input type="checkbox"/> | Ja | <input type="checkbox"/> | Ikkje relevant | Plassering av avlaupsanlegg, utsleppstad, eigedomsgrensar og vegtilkomst på kart i målestokk 1:5000 eller større. Eventuelle drikkevassbrønner i området skal teiknast inn. |
| <input type="checkbox"/> | Ja | <input type="checkbox"/> | Ikkje relevant | Kvittering på varsling av naboar, grunneigarar og andre interessentar som ein trur vil verte berørt av utsleppet og mottekne uttalelsar frå desse. |

Erklæring om forpliktelsar i samsvar med gjeldande reglar

Eg forpliktar meg til å fylgje reglane i forureiningsforskrifta og enkeltvedtak i samsvar med forureiningsforskrifta. Som ansvarleg eigar er eg ansvarleg for forskriftsmessig drift og vedlikehald.

| | | |
|-------|-------|--|
| Stad: | Dato: | Underskrift: |
| | | |
| | | Gjenta underskrift med blokkbokstavar: |
| | | |

Rettleiing til søknadsskjema – Søknad om utsleppsløyve for bustad-, fritids- og anna bygg eller mindre tettbusetnad.

Der det er mogleg skal eigedomar tilknyttast offentleg avlaupsnett. I område der offentleg avlaupsnett ikkje er tilgjengeleg kan ein søkje om å etablere private utslepp.

Etablering av nye utslepp av sanitært avlaupsvatn, eller vesentleg auke av eksisterande utslepp, er søknadsplichtige etter forureiningsforskrifta kapittel 12 for utslepp mindre enn 50 personekvivalentar (pe), og kapittel 13 for større utslepp (mindre tettbebusetnad >50 pe). Søknadsplichta gjeld også når avlaup går til lukka tank.

Det er søkjar sitt ansvar å fylle ut ein nøyaktig og fullstendig søknad med alle opplysningar kommunen treng for å kunne behandle søknaden. Behandlinga av søknaden startar når søknadsskjema med alle nødvendige vedlegg ligg føre. Kommunen behandlar søknaden innan seks veker. Manglar opplysningar eller dokumentasjon, vil dette kunne forsinke saksbehandlinga.

Naboar, grunneigarar og andre interessentar som kan verte berørt av utsleppet må varslast. Du må få kvittering for at varsel er sendt (for eksempel kvittering på rekommandert brev eller underskrift). Oversikt over kven som er varsla og kvitteringar skal vedleggast søknaden (vedlegg 7e).

Utfylling av søknadsskjema

1. Ansvarleg (søkjar)

Her skal ein gi alle opplysningar som er nødvendig for at kommunen skal kunne kontakte deg eller det sameige/organisasjon som søker om utsleppsløyve. Ansvarleg søker er normalt den som eig og driv anlegget (ansvarleg eigar/tiltakshavar) og som er ansvarleg for utsleppet, herunder anleggets drift og vedlikehald. Hvis ansvarleg søker ikkje er den same som ansvarleg eigar, skal dette oppgjevast her. Handheving og sanksjonar av regelverket vil skje ovanfor den ansvarlege.

2. Eigedom/byggestad

Her skal ein oppgi bygningens eller bygningenes gårdsnummer og bruksnummer, samt adresse. Hvis mange eigedomar skal tilknyttast anlegget leggst ei liste med som vedlegg (vedlegg 7c).

3. Søknaden gjeld

Her skal ein oppgi om søknaden gjeld eit nytt utslepp eller ei vesentleg auke av utslepp. Ein må oppgi om søknaden gjeld heilårsbustad, fritidsbustad og/eller annan bygning. Med vesentlig auke meinast til dømes installering av vassklosett, dusj, bad eller våtrom, eller at fleire bueiningar koblast til eit eksisterande anlegg.

Ein må sjekke med kommunen om utføringa av det planlagde avløpsanlegget er i samsvar med kommunens planar etter plan- og bygningslova. Dersom utføringa av avlaupsanlegget ikkje er i samsvar med kommunen sine planar, må ein innhente samtykke frå Avdeling for prosjektering, bygg og drift. Utsleppet sin forventta storleik skal oppgis i talet på personekvivalentar (pe). Personekvivalentar er eit mål på mengd organisk materiale i avlaupsvatnet. Ein kan finne pe på fleire måtar, men som hovedregel seier ein at:

- Utslepp frå bustader og hytter med innlagd vatn og vassklosett: 1 person bidrar med 1 pe.
- Utslepp frå hytter med innlagd vatn uten vassklosett: 1 person vil bidra med 0,3 pe.

4. Teknisk løysing

Her skal ein oppgi kva slags reinseanlegg ein ynskjer å installere.

Alle utslepp skal lokaliserast og utformast slik at verknadane på resipienten blir minst mogleg og at brukarkonfliktar vert unngått, herunder slik at utsleppet ikkje medfører fare for forureining av drikkevatt. Kva slags reinsekrav som gjeld på den staden ein planlegg utsleppet er avhengig av om utsleppsstaden ligg i eit følsamt/normalt eller mindre følsamt område, om det er brukarkonflikter involvert og om det er fare for overgjødsling.

Forts.neste side.

Krava i § 12-9 for utslepp til sjø i mindre følsamt område tilfredsstillast ved reinsing via godkjend trekamra slamavskillar (sjå VA- miljøblad nr. 48). Slike utslepp skal førast 50 m frå land og til minst 5 m dyp ved lågaste lågvatn.

Kommunen kan stille krav som fravik § 12-7 til § 12-13 grunna til dømes forureiningsmessige ulem- par eller brukarinteresser i området.

Sjå www.avlop.no for informasjon om reinseløysningar og reinseeffekt.

5. Utsleppsstad

Her skal ein gi opplysningar om utsleppsområdet. Det vil sei om avlaupsvatnet går til sjø, innsjø, bekk/elv osv. Ein skal også oppgi namn på lokalitet og legge ved kart der avlaupsanlegget sin plassering og utsleppsstad, eigedomsgrensar og eventuell vegtilkomst (for slamtømming, vedlikehold etc.) er avmerka (vedlegg 7d). Kart kan lastast ned via kommunen si heimeside eller ein kan få det hos kommunens servicetorg.

Dersom leidningar eller anlegg må plasserast på anna eigedom, må det ligge føre skriftleg godkjenning frå grunneigarar. Slik godkjenning bør tinglysast.

6. Opplysningar om bistand frå nøytral fagkyndig:

Her ynskjer vi opplysningar om kva for leverandørar og fagkyndige som bistår. Ver merksam på at dokumentasjon av anlegget sin reinsegrad skal vere utført av nøytral fagkyndig. Hvis ein skal installere eit ferdigprodusert minireinseanlegg må dette vere testa i henhold til EN12566-3 (liste over godkjende anlegg finn ein på www.avlop.no). Røyrlegger skal ha fagbrev og sentral eller lokal godkjenning.

7. Vedlegg til søknaden

Søknaden reknast ikkje som fullstendig før alle nødvendige vedlegg ligg føre. Mangler det vedlegg vil søknaden ikkje kunne bli behandla.



Nabovarsel

ved søknad om utsleppsløve
etter forureiningsforskrifta kapittel 12 eller 13

| | | |
|--|----------------|----------------------|
| Mottakar (nabo/ berørd part): | Namn mottakar: | |
| | Adresse: | Postnr. og poststed: |

| | | | | | |
|----------------|------|------|----------|-------------|--|
| Eiendom | Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. | |
|----------------|------|------|----------|-------------|--|

| Nabovarsel gjeld utslepp frå: | | | | | |
|-------------------------------|---------------------|------|----------|-------------|--|
| Eiendom | Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. | |
| | Eigedomens adresse: | | | | |

| Vedlegg fylgjer kopi av søknad om utsleppsløve med vedlegg. | | |
|---|-------|--|
| Alle naboar/berørde partar har ifylgje forskrifta anledning til å kome med uttalelsar til søknaden. Uttalelsesfristen er 4 veker. Uttalelsar kan sendast til avsendar eller direkte til Sula kommune, Avdeling for Prosjektering, Bygg og Drift, postboks 280, 6039 Langevåg. | | |
| Stad: | Dato: | Søkjjar si underskrift: |
| | | Gjenta underskrift med blokkbokstavar: |
| | | |

